

FORSLAG TIL AVTALE

Avtalenummer:

AVTALE OM DRIFT OG VEDLIKEHALD AV VEGLYS I PRIVAT VEG

Mellom og Bjørnafjorden kommune, avdeling Samferdsel

1. KONTRAKTSPARTAR

Veglysansvarleg: Bjørnafjorden kommune v/ avd. Samferdsel

Org.nr.

Telefon

E-post

Vegansvarleg: -----

Org.nr. (om aktuelt) -----

Adresse -----

Kontaktperson/E-post -----

Samla omtalt som partane. Partane pliktar å informera om skifte av kontaktperson.

2. AVTALEN SITT FORMÅL OG OMFANG

Avtalen gjeld drift og vedlikehald samt straum/nettleige for følgjande belynings punkter

Adresse	Tal LED-armatur	Tal Anna armatur
-----	---- stykk	---- stykk

Årleg kostnad pr belyningspunkt inkl. mva 2026	LED-armatur 800,-	Anna armatur 1300,-
Berekning	Stykk x 800,-	Stykk x 1300,-

Total:

I oppstartsåret 2026 blir det berre fakturert for halve året ihht. informasjon i inngåtte avtaler med kommunen. Fakturering for årleg kostnad skjer elles i 4.kvartal.

Belysningsanlegget i denne avtalen er plassert langs ein privat veg og anlegget blir difor definert som privat vegbelysning. Det private veglyset er kopla til Bjørnafjorden kommune sitt belyningsnett og driftast, etter avtale og mot kompensasjon, av Bjørnafjorden kommune.

Avtalen omfattar drift og vedlikehald av belyningsanlegget sitt tilkoplingspunkt, straumkablar/-leidningar, stolpe/mast og belyningsarmatur, inkludert straum og nettleige.

Eventuelle arbeid i grunnen knytt til utskifting av nedgravne kablar, belyningsmaster/-stolpar og nye armatur omfattast ikkje av avtalen. Dette reflekterast i avtalen punkt 3 om vederlag, punkt 4 om drift og vedlikehald, og punkt 5 om varigheit og oppseiing.

3. VEDERLAG

Årleg vederlag for drift og vedlikehald av belyningspunkt er basert på dei faktiske kostnadane, jf. Pkt. 2. Formål og omfang. Vederlaget kan bli regulert årleg med bakgrunn i konsumprisindeksen. Endringar blir vedteken i Gebyrregulativ og prisliste, som er ein del av den årlege, kommunale budsjetthandsaminga.

Det skiljast mellom lyspunkt med LED-armatur og alle andre armatur. For **2026** er årleg vederlag pr. lyspunkt med LED-armatur kr. 800,- inkl. mva, og for alle andre armatur kr. 1300,- inkl. mva. Det er årleg fakturering i 4. kvartal kvart år. (Med unntak av oppstartsår 2026). Betaling reknast ikkje som motteken før beløpet er mottatt av bank i Noreg.

Kontrakten kan ikkje overdragast utan motpartens skriftlege førehandssamtykke. Samtykke kan nektast på fritt grunnlag.

4. DRIFT OG VEDLIKEHALD

Bjørnafjorden kommune tek i denne avtalen på seg ansvaret for drift og vedlikehald av den private vegens veglys armaturar inkl. leidning/kabel og belyningsstolpe, samt kostnader til straum og nettleige for veglysanlegget.

4.1 Drift

Drifta av veglysa inneber straumforbruk og nettleige (avtale mot netteigar og straumselskap). Tenning og sløkking av veglysanlegget følgjer rutinane for lysanlegg langs dei kommunale vegane. Feilretting og utskifting av mørke lamper vert gjort av kommunen etter innmelding frå avtalepart eller publikum. Feilmeldingssystem og database er knytt direkte mot kommunens veglysentreprenør. Kommunens entreprenør har ein utbetringstid på inntil 14 verkedagar ved normale feil.

4.2 Unntak

Avtalen omfattar ikkje utbetring ved ein eventuell skade eller feil som er forårsaka av avtaleparten sjølve eller nokon han svarar for. For eksempel følgjeskadar frå trefall/greinar i privat veg, skade pga. påkøyrslø, brøyting eller anna arbeid i vegen, hærverk på anlegget, osv.

Generell ombygging av veglysanlegg i tråd med gjeldande lov og forskrifter inngår ikkje i avtalen.

Avtalen inkluderer ikkje kostnader knytt til arbeid i grunn i og langs privat veg. Eksempelvis graving og tilbakeføring av masser, fjerne eller tilbakeføre f.eks. gjerde, mur avfall-/poststativ, hekk, beplanting, gras, platting, belegningsstein, heller, asfalt eller annet som står/ligger i kabeltrase eller er satt opp i nærleiken av stolpar/master. Oppramsinga er ikkje uttømmmande.

Grunnarbeid knytt til lysmaster og nedgravne straumkablar kan utførast av kommunens veglysentreprenør etter nærare skrifteleg førehandsavtale, mot dekning av reel kostnad utan påslag.

5. VARIGHEIT OG OPPSEIING

Avtalen gjeld inntil han seiast opp av ein av partane. Avtalen kan seiast opp innan den 01.10 kvart år, med verknad frå 01.01 påfølgjande år. Avtalen kan ikkje seiast opp før det har gått minst eitt år frå avtaleinngåinga.

Dersom utbetningsarbeid som ikkje inngår i avtalen, for eksempel at arbeid i grunnen knytt til lysmaster og nedgravne straumkablar, må utførast for å vedlikehalde anlegget, og partane ikkje blir einige om dekning av kostnadene for utbetninga, faller partanes plikter etter avtalen bort. Partane kan då seie opp avtalen uavhengig av pkt. 5 første ledd.

Når avtalen opphøyrer, kan kommunen fjerne belysningsarmatur og anna utstyr, og nytta dette andre stader dersom ikkje anna avtalast.

6. MISLIGHALD

Dersom ein bryt innhaldet i avtalen reknast det som mislighald. Ved vesentleg mislighald kan partane heva avtalen i samsvar med ordinære kontraktsrettslege prinsipp.

7. TVIST

Tvistar mellom partane skal søkjast løyst i minnelegheit. Avtalens verneting er Hordaland Tingrett.

8. SIGNATUR

Avtalen er ikkje bindande for kommunen før den er signert av begge partar.

Stad/Dato---

Stad/Dato---

Leiar Samferdsel
Bjørnafjorden kommune